

ARBEID MED FAGTEKSTAR
vert eitt av emna på Nynorsk-
konferansen i oktober. **S. 6**

JAKOB OG NEIKOB kan brukast
til arbeid med omgrep og former i
barnehagen. **S. 8**

NY LESELYSTAKSJON skal få
den nynorske litteraturen
ut til elevane **S. 10**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 25 | HAUSTEN 2015 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Mellom politikk og pedagogikk

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

I 2015 ER DET TI ÅR sidan Nynorsksenteret vart etablert. Dette jubileet blir markert med ein stor, nasjonal konferanse i Bergen i oktober. Der skal vi oppsummere litt av det vi har drive med sidan 2005, men først og fremst ynskjer vi at foredrag og debattane skal stimulere og inspirere til meir og betre nynorskopplæring i åra som kjem. Det er framleis bruk for oss!

Ordninga med nasjonale senter etter dagens modell vart etablert for 10–12 år sidan, og Nynorsksenteret er i dag eitt av ti slike senter under Utdanningsdirektoratet. Mandatet vårt er å «bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnsopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnsopplæringa.»

I fjor gjennomførte Utdanningsdirektoratet ei stor evaluering av ordninga med nasjonale

senter. Forskingsinstituttet NIFU var engasjert i dette arbeidet, og i deira sluttrapport står mellom anna dette: «På alle sentrene vi har besøkt, omtales det aktuelle senteret som annerledes enn de andre.»

Dei andre sentera får svare for seg. For Nynorsksenteret sin del kan særpreget vårt oppsummerast i to doble punkt:

- Sidemål og hovudmål
- Språkpolitikk og språkstrid

Alle dei nasjonale sentera er oppretta for å bidra til at den statleg vedtekne utdanningspolitikken blir gjennomført. Nynorsksenteret har ei viktig rolle i tillegg. Vi skal også delta aktivt i arbeidet med å gjennomføre den offisielle språkpolitikken. Føresetnaden for den 130 år gamle ordninga med

Nynorsksenteret skal også delta aktivt i arbeidet med å gjennomføre den offisielle språkpolitikken.

to formelt likestilte, nasjonale skriftspråk er at det blir gitt god opplæring i begge målformene over heile landet.

Med andre ord: Vårt fagområde er ikkje berre didaktikk og metodikk, men også politikk. Det må vi av og til ta omsyn til i det daglege arbeidet, der vi balanserer mellom byråkratane i direktoratet og aksjonistane i målrørsla. Denne balansegangen har Nynorsksenteret levd godt med i ti år. Vi har funne vår plass og vår rolle, og ser fram til nye spanande år i eit stadig omskifteleg utdanningslandskap.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 25, niande årgangen

BLADSTYRAR: Gudrun Kløve Juuhl
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS
FRAMSIDE: Mari Kanstad Johnsen
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Lesing i livet

TEKST: **Ingrid Slettevoll** FOTO: **Snøball film**

FILMEN «MULTIPLE TEKSTAR» viser korleis ein lærar på ungdomstrinnet arbeider målretta med å gi elevane lesestrategiar for ulike tekstar som handlar om det same.

Både gjeldande læreplan og Ludvigsen-utvalget sine visjonar for den framtidige skule legg vekt på kompetansar vi treng for å kunne orientere oss i det mangfaldet av tekstar som informasjonssamfunnet byr på.

Ludvigsen-utvalet skriv: «Elevene må kunne forstå ulike typer tekster, sammenstille informasjon fra ulike kilder, vurdere kilders troverdighet ...» (NOU 2015:8). Det er nettopp dette den nye praksisfilmen «Multiple tekstar», som du finn på Nynorsksenteret og Lesesenteret sine nettsider, tek for seg. Omgrepet multiple tekstar viser til at det er fleire tekstar innanfor same tema, men med ulike føremål, ofte framstilte i ulike saman-



hengar og medium. Slik møter vi også tekstar om aktuelle saker i livet.

Ved til dømes å bruke Venn-diagram i nærlesing av tekstane får elevane hjelp til å kunne samanstille informasjon og finne ut kva som samsvarar og kva som skil seg ut. Elevane lærer på denne måten å lese kritisk for å kunne gjere seg opp meiningar i sitt eige liv.

Innhold

Mellom politikk og pedagogikk s. 2
av Torgeir Dimmen

Lesing i livet s. 3
av Ingrid Slettevoll

Skrivegeneralen s. 4
av Gudrun Kløve Juuhl

Heiter det menigheit på nynorsk? s. 6
av Heidi Fagna

Ta ein prat med Jakob og Neikob s. 8
av Anne Marta Vinsrygg Vadstein

Fordi han er bra! s. 10
av Janne Karin Støylen

Eitt heilt år på sidemål s. 12
av Hjalmar Eiksund

Tips om bøker, filmar og nettsider s. 14

Mari Kanstad Johnsen har laga det flotte framsidebiletet til dette nummeret av bladet. Ho har tidlegare mellom anna laga biletbøkene *Vivaldi* og *The Sudden Cats*, bae saman med Helge Torvund.

Du kan sjå meir av arbeidet hennar på vevsida marikajo.com.



Synnøve Matre er ein av dei som veit aller mest om skrivekompetansen til norske elevar, og korleis ein som lærar kan gje gode skriveoppgåver. Engasjementet for nynorsk er ein sjølvsgd del av dette arbeidet for Matre.

Skrivegeneralen

TEKST: **Guðrun Kløve Juuhl** FOTO: **HiST**

MATRE ER PROSJEKTLEIAR for Normprosjektet, eit stort forskingsprosjekt som undersøker skrivekompetansen til elevar og vurderingskompetansen hos lærarar. Ut frå resultata reflekterer forskarane bak prosjektet over kva som er god skriveopplæring. Forskarane utviklar saman med lærarar vurderingskriterium for elevtekstar og skriveoppgåver med tydelege forventningar til elevane om kva *skrivehandlingar* dei skal ta i bruk. 20 skular deltek i prosjektet, og elevtekstar frå elevar i 3.–4. klasse og 6.–7. klasse vert samla inn. I tillegg har prosjektet knytt til seg fire kontrollskular for å ha eit samanlikningsgrunnlag.

Du har arbeidd med skrivning og skriveforskning heilt sidan Nynorsksenteret vart skipa for ti år sidan. Til den fyrste boka me gav ut, skreiv du ein artikkel som heitte «Dei minste barna og nynorsken». Kvifor er det viktig at dei minste barna møter nynorsken?

– Fordi ungar skal få møta den språklege rikdomen me har i dette landet, slår Matre fast. Møte med ulike måtar å uttrykkja seg på stimulerer det metaspråklege medvitnet til ungane, dei vert medvitne om og nysgjerrige på språk, lærer seg å lytta til språk og oppfatta nyansar. Det er verdifull kunnskap i seg sjølv, men også nyttig når dei skal læra å lesa og skriva.



Synnøve Matre er ein av hovudinnleiarane på Nynorskkonferansen 2015, der ho skal snakka om skrivning som grunnleggjande ferdigheit på nynorsk og bokmål, og kva som er god skriveopplæring.

No er du prosjektleiar for Normprosjektet. Kvifor er det så viktig med skrivning og skriveopplæring i alle fag?

– Språk og skrivning er viktige reiskapar i all læring. Gode språklege ferdigheiter opnar dører til kunnskap. Det å formulera seg skriftleg gjer at me får tak på kunnskapen på ein annan måte. Slik støttar skrivning læringsprosessar. Å meistra skriftspråket er ikkje berre viktig i skulefaga, det gjev også tilgang til samfunnet og demokratiet, gjer at ein kan vera ein aktiv person i samfunnet.

Me ser òg at det å arbeida med skrivning på den måten me gjer i Normprosjektet, gjev resultat. Gjennom prosjektperioden på to år har særleg dei yngste elevane, 3.–4. trinnselevane, hatt stor framgang. Dei har samla sett utvikla skriveferdigheitene sine tilsvarende eitt års ekstra undervisning samanlikna med kontrollskuleelevane. I tillegg ser me at dei som presterte midt på treet i utgangspunktet, har løfta seg mest gjennom prosjektet, tilsvarende heile to års ekstra undervisning.

Noko som skil Normprosjektet frå ein del mindre skriveforskningsprosjekt, er at de har lagt vekt på å få med både nynorsk- og bokmålslevar?

– Det var sjølvsagt at nynorskelevane skulle med! Norske elevar er mangfaldige, ein del har bokmål som hovudmål, ein del har nynorsk, og

me ville ha med heile biletet: nynorsk og bokmål, by og land, nord og sør. 5 av 20 skular er nynorskskular.

Matre fortel at ut ifrå dei kvantitative studiane finn dei ingen signifikant skilnad på skriveferdigheitene ut frå om elevar er nynorsk- eller bokmålslevar.

– Det vert interessant frametter å gå inn bak desse statistiske analysane og undersøkje. Men det er heilt klart ikkje nokon ulempe å skriva nynorsk, ut frå det me ser.

Gode skriveoppgåver

Eitt føremål med Normprosjektet er å utvikla gode skriveoppgåver saman med lærarar. Så – kva er ei god skriveoppgåve?

– Det er ein veldig klår samanheng mellom kvaliteten på skriveoppgåvene og kvaliteten på elevtekstane.

Me såg raskt at mange av lærarane ikkje var vane med å bruka tid på utforminga av skriveoppgåvene. Det var gjerne slik at dei laga eit kjempegodt undervisningsopplegg, og til slutt tenkte «og så må me ha inn litt skrivning». Det var lite refleksjon kring *kvifor* dei skulle skriva, og korleis ein formulerer skriveoppgåver.

Lærarane må vera tydelege på føremålet med oppgåva. Skrivninga må opplevast som meinings-

full for elevane og spela ei rolle i det faglege arbeidet dei held på med. Vil me at elevane skal beskriva det feltet dei held på med, til dømes steinalderen, må me skriva det eksplisitt i oppgåva dei får. Men om me vil at dei skal utforska, må me formulera oppgåva på ein annan måte. Vil me at dei skal overtyda, må me formulera det annleis att.

Ofte får elevar oppgåver som: «fortel om ...» eller «skriv om ...». Me fann ut at det kunne godt henda lærarane meinte *beskriv* sjølv om dei sa *fortel*, og då vert oppgåva uklar.

Rådet mitt er å bruka andre verb enn «skriv om». Finn ut kva du vil elevane skal gjera i oppgåva, og bruk eit verb som skildrar det, til dømes *beskriv*, *forklar*, *argumenter*, sjå for deg at, *opmodar* Matre.

På spørsmål om det er nokon skilnad i skriveoppgåver og -retteleiing ut frå om elevane skriv nynorsk eller bokmål, svarer Matre at det viktigaste er å gjera elevane merksame på moglegheitene som ligg i språket, og det gjeld anten ein skriv bokmål eller nynorsk. Ein må arbeida med å utvikla språket og ordtilfanget heile vegen både på bokmål og nynorsk, avsluttar Matre. ■

Det er ikkje alltid mogleg å gruble seg fram til gode nynorske faguttrykk.

Heiter det menigheit på nynorsk?

TEKST: **Heidi Fagna** FOTO: **Rib & Morits**



– *Det viktigaste læraren kan gjere, er å finne gode fagtekstar, som kan fungere som modellar, vise dei fram og bruke dei som mønstertekstar til inspirasjon.*

– **HÆ? SKAL EG SKRIVE** fagteksten på bokmål? Det kan eg jo ikkje, sa 10.-klassingen.

Etter tre år på ungdomstrinnet skulle han ha eksamen, og den skulle han skrive på hovudmål. Det vil seie bokmål for skuleeleven i Nesset kommune i Romsdal. Likevel var han skeptisk, fordi han alle åra på ungdomsskolen hadde brukt nynorsk i fagskriving.

– *Då drog de kanskje prosjektet litt langt, Marit Wadsten?*

– Nei, det gikk nok bra. Men det var slik han reagerte.

Ti skular var med på prosjektet «Skriving i alle fag» i regi av Nynorsksenteret og høgskulelektor Marit Wadsten frå 2009 til 2012. No vil ho gjerne fortelje fleire lærarar korleis dei kan hjelpe elevane til å verte like trygge på å skrive nynorske fagtekstar som 10.-klassingen i Nesset.

Læraren må finne gode modelltekstar

Elevar med nynorsk som hovudmål må ofte bruke meir tid på å finne dekkjande omgrep fordi kjelda dei bruker, gjerne er på bokmål.

– Elevane må få lære dei relevante nynorske fagomgrepa, og dei må få hjelp til å sy saman teksten som ein fagtekst. Læraren må skrive teksten saman med elevane først, og forklare samanhengen mellom ord, setningar, avsnitt og

Les meir om konferansen på nynorsksenteret.no/nk2015

tekst. Det nyttar lite å berre presentere lausrivne ord og setningar på tavla, seier Pernille Fiskerstrand.

Ho er doktorgradsstipendiat ved Nynorsksenteret, og ho forskar på fagskrivinga til yrkesfagelevar med nynorsk som hovudmål. Kollega Marit Wadsten har leia fleire vellukka skuleutviklingsprosjekt om nynorsk fagskriving på mellom- og ungdomstrinnet. Etter LK06 er alle lærarar skrivelærarar – og for nynorskelevar inneber det at alle lærarar er nynorsklærarar.

– Det viktigaste læraren kan gjere, er å finne gode fagtekstar, som kan fungere som modellar. Dei må finne dei gode tekstane utanfor læreboka, vise dei fram og bruke dei som mønstertekstar til inspirasjon, seier Wadsten.

Marit Wadsten og Pernille Fiskerstrand vil gjerne hjelpe lærarar i dette arbeidet, og det gjer dei til dømes på Nynorskkonferansen i Bergen i oktober. Den er for lærarar på alle klassesteg, barnehagelærarar, skuleleiarar, lærarstudentar, skulebibliotekarar, oppvekstsjefar, lærarskule-

lærarar og andre interesserte, og seminaret til Wadsten og Fiskerstrand er nyttig både for dei som underviser i nynorsk som hovudmål og som sidemål.

Konkrete tips og erfaringar som fungerer

– Me har mange konkrete tips til korleis undervisinga kan verte betre, og me kan fortelje om positive erfaringar, seier Wadsten.

Konferansen er gratis, og det same er tipset frå Pernille Fiskerstrand om kva som kjenne-teiknar språket i ein god fagtekst på nynorsk:

– Ein treng akkurat dei same verktøya som når ein skal drøfte abstrakte fenomen i ein fagtekst. Ein må klare å gjere substantiva innhaldstunge og gjere verba om til koplingar mellom substantiva. Då kan elevane drøfte i staden for å skildre.

– *Og så var det det med menigheit, eit typisk fagord som mange lurar på. Er det eit bra nynorskord?*

– Bruk helst kyrkjelyd, men vurder målgruppa. Eg hadde ein nabo som var pastor i ei frikyrkje. Han ville gjerne skrive korrekt på nettsida, men han syntest kyrkjelyd minte for mykje om statskyrkja. Eg svara at han då burde skrive menigheit. Rådet mitt er alltid at ein skal tenkje på formålet med teksten, og kven som er mottakarane, seier Pernille Fiskerstrand. ■

Biletboka *Jakob og Neikob* er eit godt utgangspunkt for å lage egne forteljingar i barnehagen.

Ta ein prat med Jakob og Neikob

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein** ILLUSTRASJONAR: **Kari Stai**

DEI TRE BILETBØKENE til Kari Stai om Jakob og Neikob kan brukast som utgangspunkt for mange ulike leseaktivitetar. Biletbøker er samansette eller multimodale tekstar, og det er viktig å jobbe med forståinga av både tekst og bilete. Når vi les *Jakob og Neikob* med borna i 4–6-årsalderen, er det naturleg å samtale om det vi les. Det aukar forståinga og refleksjonen hos borna. Å øve opp ferdigheitene til å tolke bilete gjev også støtte til å forstå teksten. Ein kan dessutan bruke boka som utgangspunkt for å lage egne forteljingar eller bilete.


Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal arbeide for at borna får eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar og kunnskaper, samtalar og som inspirasjon til fabulering og nyskaping (pkt 3.1). Vi vil vise ein mogleg måte å bruke biletboka på: høgtlesing, samtale om tekst og illustrasjonar, arbeid med egne munnlege og visuelle forteljingar.

Lese og samtale om boka

I *Jakob og Neikob* er teksten trykt på bileta, og fargane dekkjer heile sidene, noko som understrekar at tekst og bilete høyrer saman og verkar forsterkande på kvarandre. Den vaksne kan med fordel bygge opp forventningane til boka

På www.nynorsksenteret.no/jakob finn du både ein teiknefilm om Jakob og Neikob og fleire aktivitetar knytte til forteljingane om dei to venene.





Kven trur du heiter Jakob, og kven heiter Neikob? Kva er likt med dei to, og kva er ulikt? Kva skjer om vi snur boka opp ned og så ser på dei to figurane?

før høgtlesinga, gjerne ved å stille spørsmål og snakke om framsida på boka: – Kva er spesielt med dei to figurane? Kva fargar er brukte? Kven trur du heiter Jakob, og kven heiter Neikob? Kva er likt med dei to, og kva er ulikt? Kva skjer om vi snur boka opp ned og så ser på dei to figurane?

Les boka høgt. Ta pausar og forklar vanskelege omgrep. Til dømes dobbelt nekting: «Du seier vel ikkje nei til ein bolle?» Boka inviterer også til meir filosofierende spørsmål om karaktertrekka til hovudpersonane: – Kven har du lyst til å vere, om du kunne vere ein av personane? (Dei fleste vil kanskje vere Jakob, og nokre vil vere Neikob.) Lytt til kva borna vil vere, men spør vidare etter som det passar: – Er det lurt å seie JA! når tjuven vil stele bilen? Nei, då er det lett å bli lurt. – Trur du at Neikob får vere med på mykje moro når han seier NEI! til alt?

Eitavhovudpoengaibokaermotsetninganeog kontrastane. Jakob seier JA! Og Neikob seier NEI!. Jakob har mange lampar, så heime hos han er det lyst. Neikob likar best når det er mørkt.

Jakob er høg, medan Neikob er låg. Dei har omvendte fargar på klede og ansikt. Slik kan vi halde fram med å finne kontrastar og spørje barnegruppa: – Liknar tjuven på Jakob og Neikob? Kva fargar har han? Ser han glad eller sint ut? Slike samtalar har ikkje alltid eit fasitsvar, men øver opp evna til å avkode bileta.

Stai har stilisert figurane sine, og har skrellte vekk alt som ikkje er naudsynt for forteljinga. Alle formene er enkle, men svært verknadsfulle. Boka er ein fin innfallspørt til å samtale om fargar, kontrastar og former og å øve på omgrepa rektangel, kvadrat, sirkel, trekant.

Å lage egne klippe-lime-forteljingar

Bruk gjerne boka som modell for å lage egne forteljingar og illustrasjonar. Til dømes kan ein bruke farga ark og ulike geometriske og organiske former frå boka, og setje saman formene til eit bilete. Formene kan godt vere førehandskopierte eller teikna opp på farga papir. For mange born vil det vere krevjande å klippe ut formene, så den vaksne kan gjerne velje mellom å leggje vekt på det tekniske i å klippe sjølv, eller på å bruke dei ferdige formene og bestemme kvar dei skal plasserast på arket. Kvar økt treng ikkje ha same vektlegging, og ein kan godt variere arbeidsmåten. Første gongen kan borna lage eit bilete

frå boka om Jakob og Neikob. Neste gong kan dei lage ein annan kollasj eller teikne med fargeblyantar, styrt etter nokre hovudmoment: Lag to hovudpersonar som er heilt ulike, høg/låg, rund/kvadratisk, eller liknande. Gje figurane auge, då får dei liv. Gje figurane namn. Det er ofte nok til å setje i gang diktinga og fantaseringa. Den vaksne skriv ned forteljinga til barnet på eit eige ark som får følgje illustrasjonen. Ei biletbok vil på denne måten setje i gang språksamtalar og stimulere til å lage egne forteljingar og illustrasjonar. ■

Kjelder:

Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen. Anne Høigård, Ingeborg Mjørv og Trude Hoel. Kunnskapsdepartementet 2009

Temahefte om antall, rom og form i barnehagen. Elin Reikerås. Kunnskapsdepartementet 2008

Skal vi leke en bok? Språktilegnelse gjennom bildebøker. Ingvild Alfheim og Cecilie D. Fodstad. Universitetsforlaget 2014

Gode krefter går no saman om ein ny nasjonal leselystaksjon – med litteratur berre på nynorsk!

Fordi han er bra!

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Kib & Morits**



Alle elevane som deltek i aksjonen for sjuande trinn, vil få ein antologi med tekstutdrag frå nyare, nynorsk litteratur for si aldersgruppe.

DEI NYE, NYNORSKE barne- og ungdomsbøkene har over fleire tiår markert seg når litteraturprisane vert delte ut, både prisar juryerte av fagfolk i det litterære feltet og prisar der lesarane bestemmer. Likevel ligg bøkene langt nede på utlånsstatistikkar og er med få unntak lite synlege i bokhandlane. Gode krefter går no saman om ein ny nasjonal leselystaksjon – med litteratur berre på nynorsk!

Nynorsk er eit mindre brukt språk, men ikkje eit minoritetsspråk. Bokmål og nynorsk er juridisk likestilte norske skriftsspråk, og norske elevar har rett på opplæring i begge målformene. Nyare forskning peikar mot dei læringsfordelane dette gjev, særleg i møte med eit tredje og eit fjerde skriftsspråk. At nynorsk er relativt mykje mindre brukt i den språklege offentlegheita, medfører likevel utfordringar, både for elevar med nynorsk som opplæringsmål og for dei som møter nynorsk som obligatorisk sidemål i skulen.

Mange har peika mot den nye, gode nynorske barne- og ungdomslitteraturen som ein del av ei løysing. Om han berre vart meir lesen! Ein god ting kan som kjent ikkje seiast for ofte. Tvert om er det gjerne det som skal til: At mange nok seier det ofte nok. Og hjelpest åt. På nyåret sette folk frå ei rekke institusjonar og organisasjonar seg

saman kring eit rundt bord i fylkesbiblioteket sine lokale i Førde for å ta tak i dette. Resultatet vart ein nynorsk leselystaksjon for sjuande trinn i 2016.

Aksjon for sjuande trinn våren 2016

Alle elevane som deltek i aksjonen for sjuande trinn, vil få ein antologi med tekstutdrag frå nyare, nynorsk litteratur for si aldersgruppe. Dei får tilgang til ei nettside med lydfiler av utdraga samt invitasjon til å melde bøkene og andre aktivitetar. Det vert utarbeidd ei rettleiing slik at aksjonen lettare kan forankrast i opplæringa. Antologien vert trykt i 15 000 eksemplar. Vi vonar at alle elevar med nynorsk som hovudmål vil delta i aksjonen, det vil gjelde kring 9000 elevar. Så vert det først til mølla for dei 6000 bøkene som er att! Vi opnar for påmelding på nyåret i 2016, aksjonen går i vårsemesteret, men vonleg med nytt høve for nye sjuandeklassingar til å delta når eit nytt skuleår startar.

I arbeidsgruppa for den nynorske nasjonale leselystaksjonen sit dagleg leiar i Foreningen !les Wanda Voldner, fylkesbiblioteksjef i Sogn og Fjordane Siri Ingvaldsen og underteikna. Vi arbeider også med ei satsing for dei minste elevane. Her får fylkesbiblioteka ei større rolle, og vi vonar Nasjonalbiblioteket vil verte ein

sentral samarbeidspart. For begge satsingane, både den for sjuande trinn og den for første og andre trinn, vil aksjonane ta utgangspunkt i arbeidsmåtane og erfaringane til Foreningen !les.

Mange har sagt det ofte nok, men kven sa det først? Eg høyrde det første gongen i salen i Ivar Aasen-tunet, då dåverande dagleg leiar i Foreningen !les, Aslak Sira Myhre, stod på talarstolen under dei første nynorske festspela i det nye Sverre Fehn-bygget. – Eg drøymmer om ein ny leselystaksjon, sa han entusiastisk. – Med litteratur berre på nynorsk. Fordi han er bra! ■

Korleis har eigentleg skular brukt forsøket med ein eller to karakterar til å endre undervisnings- og vurderingspraksisen i norskfaget?

Eitt heilt år på sidemål

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Rib & Morits**

FORSØKET med ein eller to karakterar i norsk var initiert av Kunnskapsdepartementet våren 2013, og Utdanningsdirektoratet følgde opp med å invitere vidaregåande skular og ungdomsskular til å søkje om å få vere med. I utgangspunktet fekk alle vidaregåande skular som søkte, lov til å ta del. Dette har ført til at kring to tredelar av alle vidaregåande skular i Noreg har vore med i ordninga.

Skrivesenteret og Nynorsksenteret har sidan hausten 2013 følgd eit utval skular gjennom forsøksperioden. Målet med dette har vore todelt. Som nasjonale senter for opplæring i norskfaget har vi behov for innsyn i korleis forsøket blir mottatt og gjennomført i Skule-Noreg. I tillegg har vi hatt eit ønske om å følgje opp skulane med fagleg input om det vi meiner har vore viktige premisser for forsøket. Vi har derfor samla lærarar frå kontaktskulane til ei seminarrekke der «vurdering for læring», «nynorsk som sidemål», «vurdering av norsk munnleg» og «språket som system» har vore nokre av fleire tema.

Vurdering for læring

Det har vore ein føresetnad at skulane som tar del, kan dokumentere at forsøket har ført til betre læring for elevane. Ein slik dokumentasjon er sjølvsagt ikkje noka enkel sak – det er sjeldan



nok å vise til betre karakterar på enkelte årskull. Skal forsøket munne ut i ei varig endring, må ein kunne vise til betre undervisnings- og vurderingspraksis, endringar som går ut over reduksjonen i talet på semesterkarakterar.

For fleire av skulane vi har vore i kontakt med, har forsøket vore brukt som spydspiss for eit systematisk arbeid med læringsfremjande vurdering. Reduksjonen i norskkarakterar på karakterkortet har mellom anna ført til at talet på tilbakemeldingar på elevarbeid har vore færre, men grundigare.

– Men kva så med sidemålet, spør mange. Kan ikkje færre vurderingar gå ut over plassen til sidemålet, og då spesielt nynorsk som sidemål? Dette er eit legitimt spørsmål, sidan det som blir ute av syne, gjerne mister merksemda. Fråværet av eigen sidemålskarakter kan då fort bety at sidemålet blir gløymt?

Blokkundervisning

For å møte desse utfordringane har fleire av skulane lagt undervisninga si til blokker. Til dømes har Charlottenlund skole i Trondheim heile semester der all undervisning og alle skriftlege arbeid skjer på ei målform. Hos dei har dette ført til at skulen har første semester i Vg1 på hovudmålet, medan dei neste to semestera (våren vg1 og hausten vg2) blir gjennomførte på sidemålet. Elevane ved denne skulen har altså eitt heilt år med norskundervisning på sidemålet sitt, til forskjell frå tidlegare, då undervisning og vurdering var delt opp i tre ulike disiplinær kvart semester. Andre skular har ikkje vore like drastiske, men har likevel valt å blokklegge undervisninga av målformene, framleis slik at fordelinga blir 50/50 bokmål og nynorsk.

– Noko anna ville òg vore lite føremålstenleg. Elevane skal uansett ha tre norskkarakterar i

tredje klasse, og dei må derfor nytte tida godt dei to første åra for å førebu seg på begge målformene, svarer ein av lærarane vi ha vore i kontakt med.

Ulike løysingar for ulike behov

Premissane for elevar med bokmål som sidemål er noko annleis enn for dei med nynorsk som sidemål, sidan alle møter meir bokmål enn nynorsk utanfor skulen. Like fullt har elevane behov for å arbeide grundig med sidemålstekstane sine, og for å få tilbakemeldingar medan dei er i skriveprosessen. Mange av lærarane til desse elevane har lagt vekt på mappevurdering der elevane sjølve leverer dei tekstane som dei reknar for å vere best. Andre har heller hatt færre skrivearbeid gjennom semesteret, men med mange responsrundar. Ein av lærarane gir undervegs respons medan elevane skriv i klasserommet.

– Då må eg velje nokre konkrete element å sjå etter for kvar responsrunde, fortel ho. Dette kan til dømes vere avsnitt eller pronomenbruk.

Godt nøgde lærarar

Lærarane er jamt over nøgde med resultatane ved eigne skular. – Vi har fått høve til å konsentrere oss om faget på ein annan måte enn tidlegare,

sidan vurderinga av heile faget no blir samla i ein karakter og ikkje må splittast opp i fleire delar, fortel ein entusiastisk lærar. – Og sidan all undervisning tidvis er på sidemålet, får vi i tillegg vist at nynorsk fungerer godt i fleire sjangrar enn det vi fekk brukt målforma til tidlegare, held han fram. Elevane blir ikkje nødvendigvis gladare i sidemålet sitt, men vi har fått høve til å gå djupare inn i kvar tekst.

Konferansar om forsøket

Vi går no inn i siste skuleåret av forsøksperioden (2013–2016). Komande år blir det halde fleire konferansar om emnet. Først ut er Troms fylkeskommune, som inviterer til seminar 6.–7. oktober. 28. januar 2016 har Utdanningsdirektoratet sin nasjonale konferanse der NIFU presenterer første delrapport av si evaluering av forsøket. Etter planen skal alle skular som har vore med, gå tilbake til vanleg vurderingspraksis med tre norskkarakterar i kvart semester, inntil NIFU er ferdige med sin forskingsrapport og departementet har fatta sine vedtak om korleis vurderingspraksisen skal vere framover. Uavhengig av kva det endelege vedtaket blir, har forsøket gitt rom for nytenking i vurderingsarbeidet ved fleire skular. ■

Les meir

- Vurdering for læring hos Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/Vurdering-for-laring/>
- Vurdering for læring i Nynorskopplæring nr. 20, side 4: «Læraren som dommar eller trenar?» http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering_20/4
- Samleside om forsøket på nettstaden vår: http://nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/fou_rapportar-1/karakterforsok

Bordvers



PÅ SIDENE TIL NYNORSKSENTERET finn du no ei lita samling med religionsnøytrale bordvers på nynorsk – både eit nyskrive vers av Hilde Myklebust og nynorske utgåver av tradisjonelle vers frå fleire land. Alle versa er illustrerte av Per Ragnar Møkleby.


>> WWW.NYNORSKSENTERET.NO/BORDVERS

Eventyr

Barnas store eventyrbok

Omsett av Maria Parr
Illustrert av Svend Otto S.

Samlaget




I DENNE NYE EVENTYRBOKA finn du gjennom-illustrerte utgåver av dei kjende eventyra om Bukkane Bruse, Raudhette, fyrtyøyet, Pannekaka, bymusikantane frå Bremen, mannen som skulle stelle heime, den stygge andungen og Tornerose.

Barnebok

Rune Belsvik
Verdas søtaste turist

Cappelen Damm



BIDGER OG ESMILUNI elsker kvarandre framleis, og like høgt, i denne tredje forteljinga frå Bløygen kommune. Men Bidger har begynt å drøyme om noko meir. Han drøymmer om å bli far. Det finst ikkje barn i Bløygen. Ingen veit korleis dei blir til. Så Bidger lyt gå til Bøttefantan i Trøbbelkiosken. Han veit det heller ikkje, men han har ei bok med instruksar og forklaringar.

- Du må ha hår under armane.
- Det har eg. Er det alt?
- Nei, du må finna ei dame som også har hår under armane.
- Esmiluni barberer alltid bort håret sitt, ho.
- Det gjer ikkje noko. Det viktige er at det har begynt å veksa hår der.
- Men korfor må eg blanda Esmiluni opp i det?
- Det står i boka.
- Ja, men eg har budd lenge i lag med Esmiluni. Vi har ikkje nokon unge likevel.
- Nei, de må gni dykk.
- Gni oss?
- Ja, du må putta tissen din inn i tissen til Esmiluni, og så må de gni dykk til de ikkje orkar meir.

- Er det alt?
- Ja.
- (...)
- Men viss Esmiluni ikkje vil?
- Da blir det ingen unge.

– Eg har prøvd å skrive den boka eg skulle ynskje fanst då eg var ni år og ikkje forstod. Dei vaksne hadde noko hemmeleg. No veit eg at dette hemmelege er noko av det viktigaste mellom menneske. Eg tar meg sjølv på fanget og prøver å forklare ni-åringen eg var, kva det er. Og kor fint det kan vere.

Slik fortalde Rune Belsvik om *Verdas søtaste turist* under ein samtale på Nynorsksenteret sitt kurs for nye lesegleadarar tidlegare i vår. Og så las han. Scena der Bidger og Esmiluni prøver å lage eit barn for første gong. Vakkert, men humoristisk, direkte, men forsiktig skildrar han korleis dei opplever det. Dei likar det godt, begge to, og prøver snart igjen!


JANNE KARIN STØYLEN

Ungdomsbok

Lars Mæhle
Bouvetøya 2052

Samlaget

UPRIS-VINNAREN
LARS MÆHLE har skrive denne nye, spanande klima-thrilleren.



Fagbok

Aud Søyland og
Jan Olav Fretland
Norske skrivereglar

Samlaget



SKAL EG BRUKE bindestrek eller tankestrek her? Korleis skal eg markera dette sitatet? Kva er rett måte å skriva klokkeslett på? Skal eg setja eit komma i denne setninga? Det er mange spørsmål som kan dukka opp når du skriv ein tekst. I denne nye boka frå Aud Søyland og Jan Olav Fretland finn du svar på det meste. Dei har samla reglar og råd om teiknsetjing, stor og liten bokstav, forkortingar, brevmalar, råd om skriving for nett og mykje anna nyttig stoff.

Fagbok

Hjalmar Eiksund og
Jan Olav Fretland (red.)
**Nye røyster
i nynorskforskinga**

Samlaget



DET FINST MANGE MYTAR om nynorsken, samstundes som det er publisert lite forskning som underbyggjer eller avsannar desse mytane. Det vil denne antologien prøve å bøte på med å gjere plass til ny forskning på feltet.

Artikkelforfattarane tek kvar på sitt vis opp tema som har mykje å seie for nynorskbrukaren: språkopplæring, språkleg identitet, språkplanlegging, språkpolitikk, og normering. Fleire av artiklane samanliknar nynorsken med andre språk og språksamfunn. Tekstane bidreg til å skape betre forståing for kva stilling nynorsk har i Noreg, og kvifor. Fleire av dei tilsette ved Nynorsk-senteret har skrive artiklar til antologien.

DVD

Esben Toft Jacobsen
**Reisa til Fjorkongens
rike**

KontxtFilm



DEN FINE BARNEFILMEN *Reisa til Fjorkongens rike* gjekk på kino tidlegare i år. Figurane i den norske utgåva av animasjonsfilmen snakkar dialekt med utgangspunkt i eit nynorsk manus, og i tillegg er tittelen på nynorsk. Filmen, som mellom anna vann publikumsprisen under barnefilmfestivalen i Kristiansand, handlar om kaninguten Johan. Han mister mor si, og legg difor ut på ei spanande reise til underverda for å henta henne attende.

No er filmen tilgjengeleg både på DVD og i ulike strøymetenester. DVD-utgåva har dessutan den animerte kortfilmen *Kakerlakken med den stygge frakken* av Martine Grande med som bonus.


>> WWW.KONTXTFILM.COM



NYNORSKOPPLÆRING kjem med tre nummer i året. Send namnet og adressa di til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Gamle nummer kan du lesa på www.nynorsksenteret.no/blad/

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Slit elevane dine med å skilja bodskapen frå buskapen? Leste dei bøkene dei skulle ha lese?
Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorsk kurs i teikneserieform.

På www.nynorsksenteret.no/tilfang/ kan du tinga gratis klasesett.